

Til mottakar

Leikanger, 19.11.2021

Vår ref. 634112-01

Varsle oppstart av planarbeid

Detaljreguleringsplan Mo vgs i Sunnfjord kommune

De vert med dette varsla om igangsetting av arbeid med detaljreguleringsplan for del av Mo vidaregåande skule jf. §§ 12-3 og 12-8 i plan- og bygningslova (pbl). Asplan Viak AS gjennomfører planarbeidet på vegne av framleggsstillar Vestland fylkeskommune.

Området som skal regulerast ligg på Mo i Sunnfjord kommune, på begge sider av E39. Planområdet består av Mo vidaregåande skule med i hovudsak bygningar, ridebane, landbruksmark og øvingsområde /område til undervisning for VG2, anleggsteknikk. Planområdet er omlag 660 daa.

Føremålet

Vestland fylkeskommune ynskjer å utarbeide ein detaljreguleringsplan for skuleområdet i samband med eit nytt bygg som er under oppføring. I tillegg er det ynskje om å justere plankartet slik at arealføremål stemmer med faktisk bruk. Det er også ynskje om å legge til rette for framtidig utviding av mindre tiltak i tilknytning til dagens bygningstun.

Nedanfor er det vist eit utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 for det aktuelle området.

Arealformål i kommuneplanen: LNF, offentleg eller privat tenesteyting samt samferdsleføremål (Kombinererte formål for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastrukturtraseer)

Omsynssone: støysone


Meir informasjon om planarbeidet blir lagt ut på Sunnfjord kommune si nettside:

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/areal-og-byggesak/arealplanlegging/kunngjeringar/>

Referat frå oppstartsmøte og framleggsstillar sitt planinitiativ kan bli lasta ned frå denne nettsida.

Planstatus

Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 med planidentifikasjon 1432 20170008 er gjeldande for området. Figur under viser utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel, svart stipla strek viser lokalisering av planområdet. Planavgrensing følger i hovudsak eigedomsgrensa og utkanten av øvingsområdet nord for E39.



Figur 0-1: Utsnitt frå kommuneplanen, plangrense for varsling vist med svart stipla strek. Kjelde kartgrunnlag: kommunekart.com

Meir informasjon om kommuneplanen finn ein på adressa:

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/samfunnsutvikling/planar/kommuneplan/>

Konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert til å ikkje verte fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar, grunngjeving går fram av framleggsstillar sitt planinitiativ, og kommunen har slutta seg til vurderinga jf. referat frå oppstartsmøte.

Innspel til planarbeidet

Innspel som kan ha verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast skriftleg til Asplan Viak AS, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger, eller via e-post til hilde.ruud@asplanviak.no

Frist for innspel og uttalar er sett til 23. desember 2021

Alle mottekne dokument og innspel vil bli oppsummert, kommentert og sendt til Sunnfjord kommune saman med planframlegget.

Vidare planprosess

Arbeidet er i oppstartsfasen. Vi er i gang med å samle inn opplysningar om planområdet. Når plankonsulent har utarbeidd eit komplett planframlegg vert det levert til 1. gongs handsaming hjå kommunen. Planframlegget vil ligge ute til offentleg ettersyn og høyring i 4 veker. I høyringsperioden kan rørde partar koma med merknader og innspel. Målet er å oversende planforslaget til Sunnfjord kommune for handsaming vår /sommar 2022. Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn når kommunen finn framlegget tilfredsstillande.

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål.

Med venleg helsing

Asplan Viak AS




Hilde Ruud

Gruppeleiar plan og landskap Leikanger

Telefon: 41 63 78 98 E-post: hilde.ruud@asplanviak.no

Mottakarliste:	
Sunnfjord kommune	postmottak@sunnfjord.kommune.no
Vestland Fylkeskommune	post@vlfk.no
Statens Vegvesen	firmapost@vegvesen.no
Statsforvaltaren i Vestland	sfvlpost@statsforvalteren.no
Telenor Infra AS	Pb 800, 1331 Førnebu
Sunnfjord Energi AS	firmapost@sunnfjordenergi.no (utgår) firmapost@bkk.no (ny)
BKK produksjon AS	Solheimsgaten 5, 5058 Bergen
NVE	nve@nve.no
Mattilsynet	postmottak@mattilsynet.no
Sunnfjord Miljøverk	post@sum.sf.no
Sunnfjord Brann og Redning	Flatene 50, 6814 Førde
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	sognfjordane@naturvernforbundet.no
Moskog næringspark	Pb 7543 Spjelkavik, 6022 Ålesund
Tilgrensande grunneigarar:	
Namn	Adresseliste
Lange, Øystein	Movegen 4, 6819 Førde
Sundbotten, Ove Johnny	Jølstravegen 92, 6819 Førde
Hellebust, Eli	Jølstravegen 92, 6819 Førde
Skrede, Per	Jølstravegen 108, 6819 Førde
Skrede, Anna Ragna	Jølstravegen 108, 6819 Førde
Gjelsvik, Torbjørn	Jølstravegen 90, 6819 Førde
Mo, Harald Arne	Prestestien 28, 5118 Ulset
Michaelsen, Tordis Ripe	Postboks 51, 6819 Førde
Heggheim, Arve Magnus	Jølstravegen 110, 6819 Førde
Aasen, Sindre	Åsen, 6819 Førde
Myklebust, Tone	Åsen, 6819 Førde
Fuglestrand, Magnar	Jølstravegen 112, 6819 Førde
Hallerud, Erik Olav	Åsen, 6819 Førde
Levang, Jørgen	6819 Førde
Aasen, Ole Johan	Åsen, 6819 Førde
Aasen, Trygve	Movegen 141, 6819 Førde

Planavgrensning:



Figur 0-2: Plangrense for varsling vist med svart stipla strek. Kjelde: asplanviak kartet